

Sommarjobben min - Jonas Ridzevicius på Trelasten.

11.07.2018



Jonas Ridzevicius ( 18 ) likar seg godt i sommarjobben på Trelastlageret.

I ein serie innlegg Sommarjobben min vil redaksjonen få fram tiltakssam ungdom som har sommarjobb i Uskedalen. Fyrst ut er Jonas Ridzevicius , 18 år, og bur på Brekketoppen. Jonas kom med foreldra sine til Noreg frå Litauen 11 år gammal i 2011. Jonas snakkar i dag tre ulike europeiske språk og er langt på veg til å læra seg det fjerde, spansk. Målet hans er å studera datafag på NTNU.

Jonas er godt nøgd med å bli spurd om å vera sommarvikar på Trelastlageret i Beinavikjo. Han har hatt sommarjobb før, men det er fyrste gongen at han er i tralastfaget. Jonas har førarkort og står for transporten for alt som ikkje går med lastebil. Han manglar prøven for å køyra truck.

Arbeidsdagen er allsidig og interessann. Han møter mange kundar med ulike behov. Kundebehandling der han er høfleg og serviceinnstilt er viktig. Ved varemottak er han med på plassering i rette hyller. Han må kjenna systemet og raskt finna varene fram. Å kunna skjera til materialer på mål er alt innlært.

Jonas har arbeidskontrakt og skal vera sommarvikar på Trelastlageret i 5 veker.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal